

Tilsyn

Sogn brann og redning iks utfører feiing av skorsteinar, og bustadtilsyn (tilsyn) i kommunane Sogndal, Luster, Leikanger, Balestrand og Vik.

Tenestene skal utførast etter behov, og det er feiaren, i samråd med huseigar/bebuar, som avgjer kor lenge det skal vera til neste besøk.

Varsel om tilsyn.

Feiing blir vanlegvis varsla med SMS og epost. Kontaktinformasjonen blir automatisk henta ut ifrå kontakt og reservasjonsregisteret. Det er difor viktig at huseigar held denne informasjonen oppdatert. Er du usikker på kva som står registrert på di adresse, så kan du finna dette ved å gå inn på www.norge.no og «oppdater kontaktinformasjon». Der kan du retta viss noko er feil, eller leggja inn det som manglar.

Dersom det skal vera fleire telefonnummer eller epostadresser tilknytt adressa, kan du bruka www.varslemeg.no og velja «tilleggsoppføring». Dette er eit tilleggsregister der det er mogleg å leggja inn den kontaktinformasjonen du ynskjer skal få melding frå oss.

Når du har motteke varsel om tilsyn.

Når du har motteke varsel om tilsyn er det nokre ting som må førebuast.

- Syt føre at det er ein person til stades. Dette er naudsynt for at feiaren skal kunna utføra tilsynet, og informera undervegs om tilhøve vedkommande meiner er viktig. Dersom tidspunkt ikkje høver, kan de ta kontakt med feiaren direkte ved å bruka telefonnummer som står i meldinga de har motteke.
- Syt føre at feiaren har tilkomst til heile fyringsanlegget, (inkl. sotluke og feieluke).
- Dersom varsla tilsyn ikkje høver, vert eigar oppmoda om å ta kontakt med feiaren direkte via telefonnummer som står i motteken melding. Då er det enkelt å avtala ny tid.

Etter utført tilsyn.

Etter at tilsyn er utført har huseigar krav på å få ein skriftleg rapport som viser eventuelle avvik som er funne ved fyringsanlegget. Dette kan vera gjenpart av skjema som blir utfylt på staden, eller eir meir utfyllande rapport som blir skriven i etterkant og send i posten eller på epost. Det skal også følgja med opplysningar om tidsperspektiv brannvesenet set som føresett for utbetring.

Dersom feiaren oppdagar tilhøve ved fyringsanlegget som vesentleg aukar faren for brann, kan vedkommande leggja ned forbod mot bruk inntil feilen er utbetra.

Gebyr.

Gebyr for tenestene som me utfører blir fakturert frå kvar einskild kommune, men er vedtekne med lik sats i alle kommunane.

Desse er oppdelte i tre nivå som er:

Feiing kvart år

Feiing kvart 2. år

Minstesats feiing og tilsyn

Tilsyn (bustadtilsyn) er også lovpålagt og er alltid dekket av gebyret.

Legitimering.

For Sogn brann og redning iks er det viktig at alle innbyggjarane skal kunna føla seg trygge på at dei får utført den tenesta dei har krav på. Difor skal de alltid sjå at feiaren:

- Køyser uniformert bil
- Har uniform sjølv
- Kan legitimera seg som tilsett i Sogn brann og redning iks

Behovsprøvd tilsyn

Etter at «forskrift om brannforebygging» vart sett i verk 01.01.2016, fekk kommunane litt endra oppgåver. Dette vil mellom anna seia at alt lovpålagt arbeid som feiaren utfører i alle norske kommunar skal vera behovsprøvd.

Det vil seia at feiaren tek omsyn til ymse tilhøve når vedkommande skal vurdere kor ofte det skal vera tilsyn i din bustad. Dette vil kanskje vera andre tilhøve enn det som er lagt til grunn for vurdering for feiing, og det kan også bli ein heilt annan frekvens på tilsyn enn på feiing.